

Krever elektrisitet som offentlig yting.

Norske straumabonnentar kan få låge og føreseielege kraftprisar med elektrisitet som offentlig yting.

I dag er straum definert som **ei vare** og difor innramma av artikkel 12 i EØS-avtalen som utvetydig forbyr eksportrestriksjonar med nokre få unntak.

Sidan vi ikkje kan regulere trafikken i dei eksisterende utanlandskablane utan å bryte EØS-avtalen, må eit første steg om ein vil begrense denne trafikken vere å utløyse verneklausulen i artikkel 112 for mellombels å ta attende politisk styring over Reguleringsmyndigheten for Energi (RME) og kraftmarknaden. Noreg kan gå til eit slikt einsidig steg i EØS-avtalen dersom det oppstår «alvorlige økonomiske og samfunnsmessige konsekvenser som kan vedvare».

Norske styresmakter kan også innleie forhandlingar med EU om å ta heile eller delar av EUs tredje energipakke ut av EØS-avtalen. Artiklane 97 og 102 i EØS-avtalen gir åpning for å finne løysingar når avtalen skaper problem. Først og fremst må påleggja som følgjer av forordninga om grensekryssande krafthandel (EF 714/2009), opphevast. Reelle forhandlingar føreset velvilje frå EU, ettersom det krevst semje i EØS-komiteen.

Det mest framsynte grepet er at norske styresmakter slår fast at kraftressursar til innanlandsk bruk ikkje er omsettelege varer eller tenester og endrar Energilova tilsvarande. Det vil neppe ESA like, men kva skal dei gjere anna enn å sende brev og i ytste fall førebu en prosess for EFTA-domstolen?

Noreg har solide argument for på nytt å gje elektrisitet status som ei offentlig yting på line med til dømes vassforsyning, og slik avskjere EØS-avtalens krav om markedsbasert omsetning. Ei samfunnsmessig yting til kostpris handlar ikkje om økonomisk aktivitet, heller ikkje i EØS-rettslig forstand.

Inngåtte avtaler med Storbritannia og ikkje-bindande intensjonsavtalar med utvalde EU-land må sjølv sagt reforhandlast eller tilpassast. Truleg vil Noreg som ein konsekvens måtte vere viljug til å utveksle overskotskrafta vår etter andre kriterie enn dei marknadsmessige, til dømes gjennom avtaler om volumbyte. Statnett kan tilby definerte volum av ledig overskotskraft for eksport på vilkår fastsette av OED (Olje og Energidepartementet).

Statnett og kraftbransjen ville misse saftige eksportinntekter og høve til å hente ut innanlandsk superprofitt og grunnrente frå forbrukarar og industri.

Til gjengjeld får norske straumabonnentar låge og føreseielege kraftprisar underlagde politisk kontroll.